



Notat

Dato
LEIKANGER, 05.02.2016

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Til: Hovudutvalet for opplæring

Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule - endringar i praktiseringa av ordninga

12. januar 2016 var fylkesdirektøren til stades på dialogmøte mellom Sogn og Fjordane idrettskrins, dei vidaregåande skulane med spissa idrettstilbod og særkrins/klubb innanfor dei tre idrettane fotball, volleyball og skiskyting.

Det vart drøfta om ein kan praktisere fordeling mellom årsstega meir fleksibelt enn maksimalt fem elevar/utøvarar per årssteg. Bakgrunn for spørsmålet var at særkrinsane/klubbane har god oversikt over framtidige potensielle kandidatar i sine idrettar, og at det er stor variasjon mellom årsstega med omsyn til kor mange utøvarar som er aktuelle. Det var semje om at samla tal utøvarar i kvar idrett framleis skal vere 15.

I etterkant av møtet har fylkesdirektøren vurdert problemstillinga. I saka om opprettning av tilboden (HO-sak 1/12) er tal utøvarar per årssteg ikkje definert i vedtaket. Dette er omtala i saka som grunnlag frå tidlegare arbeid mellom idrettskrinsen og dei vidaregåande skulane. Då tilboden vart oppretta fekk utøvarar prioriterte av idrettskrinsen reservert plass i inntaket til vidaregåande skule. Det var då eit argument at talet reserverte plassar ikkje skulle vere høgare enn fem av 30. Etter siste endringa av inntaksforskrifta får prioriterte utøvarar verken reservert plass eller tilleggspoeng, dei konkurrerer på line med alle andre søkerar.

Fylkesdirektøren har forståing for særkrinsane og klubbanes sine ynskje om å «sikre seg» dei gode utøvarane ved å kunne formidle til dei at dei er prioriterte for inntak til idrettsordninga.

Det er difor fylkesdirektøren si vurdering at skule og særkrins/klubb kan praktisere fordeling mellom årsstega fleksibelt. Det vil bety at det til dømes er opning for å prioritere meir enn fem utøvarar til vg1 hausten 2016. Dersom alle desse konkurrerer seg vidare til vg2 vil det kunne vere rom for færre nye til vg1 hausten 2017. Som omtala ovanfor gav representantane for dei tre idrettane uttrykk for god oversikt over utøvarar nedover i årsklassane, og at dei vil vere i stand til å vurdere potensielle utøvarar meir enn eitt år framover. Føresetnaden er at det samla talet utøvarar på tre årssteg ikkje overstig 15.

Fylkesdirektøren har bede rektorane om å formidle informasjonen om oppmukkinga ut til dei aktuelle fagmiljøa ved skulane og at Sogn og Fjordane idrettskrins tilsvarande formidlar dette ut til særkrinsane.

